

Dikt og rimord

- 1 Lytt til / syng songen «Ord! Ord! Ord!» på <https://www.tunkatten.no/songbok/leik/>
- 2 Les teksten under.
- 3 Set strek under orda som rimar. Bruk ulik farge for kvart rim-par.

Den vesle mannen gjekk på tur
fordi har var så sint og sur.
Tenk, han hadde mista hatten,
den var blitt til mat for katten.
Ingenting var moro no,
derfor tok han på seg sko.
Ville ikkje sitte inne,
hovudet var fullt av sinne.
Vinden bles og regnet rann
på den sinte, sure mann.



- 4 Skriv rim-para inn i tabellen under. Kor mange fleire rimord kan du finne til desse rim-para?

RIMORD 1	RIMORD 2	FLEIRE RIMORD
TUR	SUR	LUR, MUR, TEMPERATUR

- 5 Kva er det som gjer at desse orda er rim-par? Diskuter i lag i klassen eller med læringskameraten.
- 6 Kva for eit av rim-para klarte du å finne flest rimord til? Kor mange fann du? Kva for rim-par fann du færrest rimord til? Tel og skriv svara på linja under. Skriv med heil setning.
